

200801596-30

312

FI / EBTH

BUSET OG VARTDAL BEITELAG
V/ BJØRN VARTDAL

6170 VARTDAL

Vartdal 30.08.2010

NORGES VASSDRAGS-OG ENERGIDIREKTORAT
Pb 5091
0301 OSLO

Dykkar ref: 200801596 -ebth

Fråsegn til søknad frå Vartdal Vassverk LL om å etablere heimste Svartevatnet som permanent naudvasskjelde, samt oreigning knytt til dette.

Vi er kjent med at NVE i 2001 og 2010 har gjeve Vartdal Vassverk mellombels løyve til å nytte heimste Svartevatnet til naudvasskjelde etter nærmare spesifiserte vilkår.

Til dette har vi fylgjande merknadar. Vartdal Vassverk LL har ikkje innfridd nokon av dei vilkåra som var forutsetninga for det omsøkte løyve, verken i 2001 eller i 2010. Vidare har vi registrert at Svartevatnet òg har vore senka ved fleire høve i dei mellomliggande åra.

Vi har med sjølvsyn sett at heimste Svartevatnet har vore nedtappa med mellom 8 og 9 meter i høve til normalvasstanden. Ved eit av høva var det då mest berre ein kulp att av heile vatnet.

Når det gjeld Vartdal Vassverk vil dei ikkje mangle vatn til sine abonnentar dersom dei tettar dei permanente lekkasjane som er i leidningsnettlet frå Fosshola. Vidare er lekkasja i demninga ved den vestlege elvabreidda betydeleg. Ved kontroll i vinter, då den såkalla vasskrisa var størst, rann det mest like mykje vatn som vanleg for denne årstida i Skareelva nedanfor demninga.

Vi meiner dessutan at det er Tussa sitt ansvar å sørge for at det er nok vatn i Skarevatna ved inngangen til vinteren slik at event. vassmangel ikkje oppstår. Tussa har ved fleire høve og tappa ned Skarevatna for å nytte vatnet til energiproduksjon i strid med konsesjonsvilkåra.

I beitelaget er vi sterkt bekymra for at regulering av Svartevatna vil skade beiteomtåda rundt vatna. Særleg på ettersumaren og hausten er dette det beste beiteområdet vi har og storparten av sauene beitar der då. Dette er "baksolsområde" der graset blir seinare mode og i turrår ikkje vert avsvidd slik som på dei flatare og solvende beita. Området har difor mykje større betydning som fjellbeite enn det arealet isolert sett skulle tilseie.

Nedtapping av Svartevatna og turrlegging av strandsona vil skape kraftig og uoppretteleg skade på terrenget. Ein må og vere merksam på at nedtapping av det heimste vatnet vil føre til vassenking òg i det fremste vatnet, sidan avstanden mellom vatna er liten og grunnen er sand og stein.

Sør- og vestsida av vatna har svært bratte sider opp mot fjellet. Desse sidene er som nemd serleg gode beite. Det er og eit farleg område då det sume stadar er svært bratt. Dersom dyr fell i vatnet vil dei ikkje kome seg på land att når strandsona ved stendig nedtapping og oppfylling, vil bestå av lausmasser og meir og mindre stein. Sume plassar går det faste fjellet heilt i vatnet, slike område vil det verte meir av p.g.a. erosjon. Sjansane for at sau og lam som på denne tida har mykje ull skal kunne symja til ein stad dei kan kome på land minkar.

Beitelaget er og sterkt uroa over at ørretbestanden som er i desse vatna vil forsvinne ved opp- og nedregulering av vatna. Vi vil gjere merksam på at det ikkje kjem elvar inn til desse vatna. Einaste gyteplassen for fisk er difor i strandsona, som vinterstid vert tørrlagt ved regulering. Dermed vil rogn gå tapt og fiskebestanden etter nokre år forsvinne då auren ikkje kan vandre frå Skarevatna til Svartevatna.

I samband med legging av dei to rørledningane som i dag ligg i Svartevatna har det vore trafikk både med helikopter og snøskuter. Så langt vi kjenner til har det ikkje vore innhenta løyve til slik trafikk. Vi fryktar at denne trafikken skal auke dersom det omsøkte løyve vert innvilga. Vår tiltru til at Vartdal Vassverk LL eller for den saks skuld Tussa brått skal rette seg etter dei påbod og reglar som finst for ferdsel i utmark er ikkje tilstades. Tidlegare praksis syner dette klart.

Seinast hausten 2009 vart 35 sauer/lam skremd av helikopterflyging i beitetida i nett dette området. Av desse dyra gjekk 20 tapt trass i omfattande leiting heilt ut i des. mnd.. Dei øvrige vart skremd "for alle vindar"men etterkvart atfunne i tildels dårleg forfatning.

Når skadegjerar som i det tilfelle var Tussa ikkje påtok seg ansvaret for skaden, men derimot hevda og kunne nytte helikopter i beiteområda når dei måtte finne det tjeneleg, og i framtida, vil grunnlaget for vår nytting av eigne beiteområde snart kunne ta slutt.

Fjellbeita er ein vesentleg resurs og eit heilt naudsynt grunnlag for å kunne drive gardsdrift, særleg når det gjeld sauehald.

Vi ber difor på det mest inntrengande om å få behalde beiteområda urørde, slik dei er i dag. Desse beita er ei forutsetning både for dagens gardsdrift og ikkje minst for at komande generasjonar skal kunne få eit utkome som gjer at dei vil fortsette med gardsdrift.

Den største vassbrukaren til Vartdal Vassverk er Vartdal Fiskeoppdrett. I avtalen mellom desse vart det i 1980 inngått ein 20-års avtale. Den er no gått ut for 10 år sidan. I den avtalen forplikta Vartdal fiskeoppdrett seg til ikkje å bruke så mykje vatn at det vart til hinder for dei andre forbrukarane. Om naudsynt skulle dei redusere og i ytterste fall stenge sitt vassforbruk knytt til Vartdal vassverk. Sidan den tid har smoltproduksjonen auka betydeleg, både i antall og ikkje minst storleiken på fisken. Vassforbruket ved slike oppdrettsanlegg kan reduserast ved å nytte ressirkuleringsanlegg. Ein reduksjon på over 90% av ferskvassbehovet er fullt mogeleg v.h.a. bl.a. biologiske filter og lufting av vatnet. Vi meiner at dette er ei løysing som Vartdal Fiskeoppdrett og kan nytte. Metoden er velkjend, vel utprøvd og nytta av svært mange andre tilsvarande anlegg. Vi finn at einaste grunnen til at Vartdal Fiskeoppdrett ikkje alt har nytta denne løysinga er at dei mest vederlagsfritt (bl.a. utan pålagd vassmålar som avtalen krev) fritt har kunne bruke vatn frå Vassverket etter behov.

Vi finn det meiningslaust at Vartdal Vassverk skal tiltvinge seg vassrettar og øydeleggje fine beiteområde og tur-terreng berre for at Vartdal Fiskeoppdrett skal sparast for å investere i meir effektiv utnytting av vatnet.

Til slutt vil vi og gjere dykk merksam på at ei slik sterk regulering av vatnet frå fjellet vil føre til at elvar/bekkar som i dag er renn gjennom kulturlandskapet nede i dalen kan bli turrlagde. Dette vil føre til at kulturbeite som har bekkar som vasskilde for beitedyra forsvinn, folk som har egne brunnar misser vatnet sitt – og ikkje minst fleire av bekkane der auren og laksyngelen som går ut i Storelva veks opp kan bli øydelagde.

Beitelaget meiner uansett at søknaden frå Vartdal Vassverk LL må avvisast då ein slik søknad er ei årsmøtesak. Det er no omlag 15 år sidan sist det vart halde årsmøte. Dermed er heller ikkje styret lovleg vald. Verken styret eller dagleg ledar kan difor handle på vassverkets vegne, sidan vedtektene i laget krev at styret skal innkalle til årsmøte kvart år og då skal styret velgast.

Med helsing



Bjørn Vartdal
Leiar for Buset og Vartdal Beitelag

Ørsta kommune, Rådhuset, 6150 Ørsta
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde